



**Tokke kommune**  
**Plan, næring og teknisk etat**

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»  
  
«KONTAKT»

**Delegera sak**  
**Delegert Utviklingsutvalet - nr. 19/103**

Dykkar ref: «REF»      Vår ref: 2019/1235-1      Saksbeh: Per Wraa,      Arkivkode:      Dato: 21.05.2019

## Tildeling av kvoter for elg- og hjortejakta 2019

### Saksutgreiing:

Vinteren 2017/18 var lengre og kaldare enn det som har vore vanleg dei seiste åra. Sommaren 2018 var ekstremt tørr. Registreringsmetoden for sett elg og hjort vart endra frå og med 2018, noko som gjer til at ein ikkje har samanlikningsgrunnlag med tidlegare år. Antall kalv pr ku/kolle gjekk også ned i 2018 samanlikna med tidlegare år. Alt dette fører til at det er vanskeleg å estimere utviklinga i elg- og hjortestamma. På heimesidasida <https://horteveltet.no/bladarkiv/sett-elg-sett-hjort-hvorfor-ny-instruks/> vert det anbefala å sjå på antall felte dyr pr jegerdag i ein overgangsperiode for å estimere utviklinga i elg- og hjortestamma. Her kan ein også lese meir om den nye måten å registrere sett elg og hjort.

### Elg:

Antall felt elg pr. jegerdag er stabilt heile kommunen sett under eit, men fellingsprosenten har gått jamnt oppover sidan 2015.

I området nord for Bandak og aust for Tokkeåi ser ein at felt elg pr jegerdag aukar noko frå 2015 og fram til 2018. Det har kome tilbakemelding frå enkelte jaktlag i dette området om at ein no fryktar elgstamma er på veg til å bli for stor. I den samanhengen vart det sendt ut brev til dei 15 valda i dette området, med ynskje om tilbakemelding i forhold til kvoter. Det var 4 vald som svara, der 2 var for å halde kvotene som i dag og 2 var for å auke kvotene. Argumentasjonen for å halde kvotene uendra i 2019 var for å sjå resultatet etter beitetakseringa, som skal gjennomførast sumaren 2019, og om det er «seinskader» etter tørkesumaren 2018.

Det er tidlegare tildela 1 ekstra elg til dei 7 valda som soknar til E-134 med argumentasjon i å få ned påkjørslar. Det var færre påkjørslar vinteren 2018/19 enn det var 2017/18. For 2019 fjernar ein ekstratildelinga til valda som soknar til E-134. Samstundes senkar ein minstearealet for elg til 3300 daa for alle vald i dette området for jakta 2019, dette med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 7 Fravik fra minstearealet*. Endring i minsteareal utgjer ein auke i tildela kvote frå 2018 til 2019 på 5 dyr (omlag 8%). Det er ingen lag som får lågare tildeling enn i 2018 som fylgje av desse endringane.

I resten av kommunen er ein i ein god prosess for å etablere bestandsplanområde frå 2020. Her gjer ein ingen endringar i tildelinga for 2019.

### **Hjort:**

Avskjotinga på hjort er stabil. Ingen lag skyt tildela kvote. Ein ser difor ikkje at ein bør gjere noko med tildelinga av hjort for 2019.

### **Konklusjon:**

For området nord for Bandak og aust for Tokkeåi endrar ein minstearealet for elg til 3300 daa, samstundes som ein fjernar ordninga med ekstra tildeling for dei valda som soknar til E-134 Her aukar kvota då frå 60 til 65 dyr. For resten av kommunen gjer ein ingen endringar.

### **Vedtak:**

For området nord for Bandak og aust for Tokkeåi vert kvota på elg for jakta 2019 justera opp i forhold til eit minsteareal på 3300 daa. For resten av kommunen vert kvota på elg tildela etter eit minsteareal på 4000 daa. Dei laga som bare har eit dyr får okse i år. Tildelinga kjem fram av tabell under.

Kvota for hjort vert uendra for heile kommunen. Tildelinga kjem fram av tabell under.

Vedtaket er heimla i vedtak om målsetjinga for elgforvaltninga i Tokke (UTU 6. april 2016) og Forskrift om forvaltning av hjortevilt §§ 7, 9 og 21

## Tildeling Elg 2019

Valdnamn	Areal (daa)	kalv	okse	ku	sum	Merknad
Austheia/Lårdal	24002	3	2	2	7	nedsett areal
Støylsdalen	20279	2	2	2	6	nedsett areal
Mostøyl/Rui	19998	2	2	2	6	nedsett areal
Kvåle/Tveiten	17370	2	2	1	5	nedsett areal
Mørke	25615	3	2	2	7	nedsett areal
Hovden/Breiland	17064	2	2	1	5	nedsett areal
Smørklepp/Tveiten	20534	2	2	2	6	nedsett areal
Cappelen S.D. skoger	10890	1	1	1	3	nedsett areal
Gøytil	18824	2	2	1	5	nedsett areal
Eidsborg	32703	3	3	3	9	nedsett areal
Husås og Visås	5431	1	0	0	1	nedsett areal
Holtenuten	4303	0	1	0	1	nedsett areal
Strandin	5487	0	1	0	1	nedsett areal
Omdal nord	6632	1	1	0	2	nedsett areal
Strånd	4733	0	1	0	1	nedsett areal
Øvre Byrte	19433	2	1	1	4	
Vendalen	4975	0	1	0	1	
Froland	24925	3	2	1	6	
Mo storvald	92041				0	Bestandsplan
Ripilen	19555	2	1	1	4	
Vistadheia	21820	2	2	1	5	
Myklid	14797	1	1	1	3	
Nordbygda	37857	4	3	2	9	
Foluri	5500	0	1	0	1	
Kjønnsviki	4700	0	1	0	1	
Vegardalen	13539	1	1	1	3	
Urdalen/Kveven	8000	1	1	0	2	
Aamdal	12757	1	1	1	3	
Lauvikfjell	8986	1	1	0	2	
Aamli	7529	0	1	0	1	
Austheii/Gaastjønn	55697				0	Bestandsplan
Gausbu/Kvæven	18475	2	1	1	4	
Bergland	6820	0	1	0	1	
Barskor-Kjestveit	11283	1	1	0	2	
<b>Sum</b>	<b>622554</b>	<b>45</b>	<b>45</b>	<b>27</b>	<b>117</b>	

## Tildeling Hjort 2019

Valdnamn	Areal (daa)	kalv	bukk	kolle	sum	Merknad
Austheia/Lårdal	24002	4	3	4	11	
Støylsdalen	20279	4	3	3	10	
Mostøyl/Rui	19998	3	3	3	9	
Kvåle/Tveiten	17370	3	3	2	8	
Mørke	25615	2	2	2	6	
Hovden/Breiland	17064	2	1	1	4	
Smørklepp/Tveiten	20534	2	1	2	5	
Cappelen S.D. skoger	10890	2	2	1	5	
Gøytil	18824	1	1	2	4	
Eidsborg	32703	4	4	3	11	
Husås og Visås	5431	0	1	0	1	
Holtenuten	4303	1	0	1	2	
Strandin	5487	1	0	1	2	
Omdal nord	6632	0	1	0	1	
Strånd	4733	1	1	0	2	
Øvre Byrte	19433	1	1	2	4	
Vendalen	4975	0	0	0	0	
Froland	24925	2	2	2	6	
Mo storvald	92041				0	Bestandsplan
Ripilen	19555	1	1	2	4	
Vistadheia	21820	4	3	3	10	
Myklid	14797	1	1	1	3	
Nordbygda	37857	3	3	3	9	
Foluri	5500	0	0	0	0	
Kjønnsviki	4700	0	0	0	0	
Vegardalen	13539	1	1	1	3	
Urdalen/Kveven	8000	0	0	0	0	
Aamdal	12757	1	1	1	3	
Lauvikfjell	8986	2	1	1	4	
Aamli	7529	0	1	0	1	
Austheii/Gaastjønn	55697				0	Bestandsplan
Gausbu/Kvæven	18475	2	1	1	4	
Bergland	6820	0	1	0	1	
Barskor-Kjestveit	11283	1	1	0	2	
<b>Sum</b>	<b>622554</b>	<b>49</b>	<b>44</b>	<b>42</b>	<b>135</b>	

**VIKTIG:**

I artikkel på hjortevilt.no (<https://www.hjortevilt.no/hardt-ar-for-elgene-i-sor-norge/>) laga av NIBIO, NINA og NIMBU kan ein lese at anbefalinga for jakta 2019 er å ta ut små kalvar og ungdyr. Denne anbefalinga går også til jaktlaga i Tokke. Det hadde vore ynskjeleg med ei ordning der ein heldt att delar av kvota, for å gje ekstra dyr til dei jaktlaga som felte små dyr. Dette er det kun mogeleg å gjere dersom ein er del av eit bestandsplanområde.

Prøvetaking i samband med overvaking av CWD held fram. Som i fjor er det dyr som er 2 år og eldre som skal takast prøve av. Utstyr til prøvetaking hentast på kommunehuset. Ring før du kjem for å vere sikker på at nokon kan hjelpe deg.

*Vedtaket er gjort etter fullmakt gjeve av UTU*

*Vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut.*

*Klaga skal sendast skriftleg til den som har gjort vedtaket, skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringar som er ynskjeleg, og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan være uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.*

Med helsing

Per Wraa  
Skog og utmarksrådgjevar

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.*